



Aud Sørheim Myklebust sel og signerer boka Skaperglede som medisin på SPAR, fredag og laurdag i denne veka.

Kunstboka Skaperglede som medisin med undertittelen Auds livsvandring i 60 år kom ut for eit år sidan på John Grieg Forlag. Boka handlar om Aud Sørheim Myklebust (f. 1935) som saman med Arne bur i Fana ved Nordåsvatnet. Dei har har sin faste ferieplass på Myklebust i Uskedalen. Aud er kjend som ein allsidig kunstnar med ein rik produksjon av bilettev og akvarellar. På fredag og laurdag i denne veka kan du møta henne på SPAR, Uskedalen der ho signerer og sel boka si.

Mange av kunstverka hennar er selde som utsmykking i kyrkjer, bedehus, bårehus og i andre offentlege bygg. Ho har tidlegare gitt ut bøker og hefte med kunst og dikt. Boka Skaperglede som medisin fortel om livet hennar, kunsten og kampen mot kreftsjukdomen i 40 år.

Kari Skårdal og Hallvard Skårdal er ansvarleg for teksten. Åge Magne Nerhus, også frå Uskedalen, har vore med i redaksjonsgruppa. Ferieplassen og heimegarden til Arne på Myklebust hatt fått god omtale i boka.

Aud Sørheim Myklebust debuterte i 1978 og har etter det hatt ei rekkje utstillingar, no sist i Lagunen kjøpesenter for eit halvt år sidan. I boka finn vi eit rikt utval av produksjonen hennar slik som biletteppe, akvarellar, monotypier, trykk og oljemåleri,- alt kombinert med eigne dikt og tankar.

Utsmykkingsoppdraga hennar i Bedehuset i Rosendal og i Bårehuset i Uskedalen er avfotografert og skrive om.

Aud og Arne Myklebust er heime i Uskedalen for tida. Dei som ynskjer å møta henne for signering og kjøp av boka, kan ta kontakt på mobil 920 93 658 eller koma på SPAR butikken i Uskedalen fredag 5. oktober eller laurdag 6. oktober mellom kl. 12 og kl. 18.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal